



Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep.

0030 OSLO

Svar - Høring - Forslag til ny forskrift om vassforsyning og drikkevatt

Vi viser til brev av 07.01.2016 der Helse- og omsorgsdepartementet sender på høring forslag til ny forskrift om vassforsyning og drikkevatt. Forskrifta skal erstatte drikkevassforskrifta frå 4. desember 2001.

Vårt inntrykk er at den nye forslaget til ny drikkevassforskrift er meir tydeleg og står fram som ryddig, oversiktleg og enkel å forstå.

Fylkeskommunen vil likevel peike på nokre få punkt der vi meiner at forskrifta eller notatet som fylgde med forskrifta bør presiserast nærare.

Innspel til § 3

Vanntilsigsområde: er definert som *område, over og under bakken, som vannet i råvannskilden kommer fra.*

For oss er det uklart om ein her meiner vatn over og under bakken i heile nedbørsfeltet til kjelda for råvatnet eller om det berre gjeld for deler av nedbørsfeltet. Dette bør departementet gjere tydlegare i forskrifta.

Innspel til § 4 (forurensning) og § 14 (beskyttelsestiltak)

Forslaget lyder som så: *Det er forbudt å forurense drikkevann. Forbudet omfatter alle aktiviteter, fra vanntilsigsområdet til tappepunktene, som kan medføre fare for at drikkevannet blir forurenset. Med aktiviteter menes også friluftsliv og annen utøvelse av allemannsretten.*

Det er viktig å hindre ureining av drikkevasskjeldene. Det er uklart kor grensa eller definisjonen på kva som er ureinande aktivitetar går. Det er og viktig å ikkje leggje unødige restriksjonar på friluftsliv og allemannsretten dersom aktiviteten ikkje normalt fører til ureiningsfare.

Teksten bør utdjupast nærare, anten i forskrifta og/eller i kommentarteksten slik at ikkje vanlege aktivitetar med låg fare for ureining (jf. § 9) som t.d. turgåing og bærplukking vert råka. Eit tillegg i § 4 kan vere «*Konkret forurensningsfare skal vurderes gjennom farekartlegging, jf § 9.*» Kommentarteksten bør gi døme på friluftaktivitetar som normalt gir låg fare for ureining.

Innspel til § 17

I framlegget til ny tekst er det m.a. presisert at eigar av vassverka skal sikre at leidningsnett til vassforsyningssystemet til ein kvar til er lekkasjetett og i tilfredsstillande stand for å hindre ureining av drikkevattnet. Det er positivt at det vert stilt krav om kvalitet på leidningsnett.

Departementet bør presisere nærare kva som ligg i omgrepa *lekkasjetett* og *tilfredsstillande stand*, slik at eigarane veit kva som ligg i omgrepet. Tilsynsoppgåva vert då lettare å utføre samt at det vert lettare å utarbeide planar for vedlikehald.

Vassforskrifta har som formål verne om vassførekostane og å sikre ein berekraftig bruk av dei. Eit leidningsnett med omfattande lekkasje kan neppe seiast å ha ein berekraftig bruk av

vassressursane. Fyrste lekk i forskrifta bør presisere dette nærare. Ny tekst kan de formulere slik; *Vannverkseieren skal sikre at vannforsyningssystemets ledningsnett til enhver tid er tilstrekkelig lekkasjetett og i tilfredsstillende stand, for å hindre at drikkevannet blir forurenset og for å sikre en mest mulig beskyttelse og bærekraftig bruk av grunnvann, elver og innsjøer.*

Innspeil til § 28

I § 28 i utkastet til ny drikkevassforskrift er det teke inn eit konkret krav om at kommunane skal ta omsyn til drikkevatn når dei utarbeidar arealdelen av kommuneplanen og reguleringsplaner. Dette meiner vi er eit godt grep som vil sikre at vasskvaliteten i drikkevasskjelder vert teke i vare.

Kommunen bør legge sikringsstiltak i kommuneplanar/reguleringsplanar i form av omsynssoner. Det bør vere mogleg å differensiere i vedtak mellom ulike omsynssoner, slik at det kan vere større restriksjonar i nærområda til råvasskjelda enn i ein sone lenger frå råvasskjelda, men likevel i nedbørsfeltet til råvasskjelda.

I tillegg er det lagt inn et forslag om at kommunen, om naudsynt, skal ta initiativ til å utarbeide ein regional plan for å ta i vare omsyn til drikkevatn der vassforsyningssystemet ligger i fleire kommunar. Dette gjeld uavhengig av om vassforsyningssystemet som produserer drikkevatn frå råvasskjelda er kommunalt eller privat.

Plan- og bygningslova gjev kommunane rett til å ta initiativ til å utarbeide regionale planer eller å utarbeide interkommunale planar. Kommunane kan og be fylkeskommunen som regional planstyresmakt om å overta ansvaret til å utarbeide ein regional plan. Dette er nærare presisert i kap. 9 i plan- og bygningslova.

Slik sett er verkemidlane for kommunane til å få utarbeidd ein regional plan alt nedfelt i plan- og bygningslova. § 28 kan gjerast enklare ved å unngå presiseringar som er dekt opp av anna lovverk. Det er positivt at retten til å få utarbeida ein regional plan vert gjort synleg i drikkevassforskrifta. Vi meiner det er tilstrekkeleg at dette vert synleggjort i kommentarteksten. Då gjerne med ei utdjujing av formålet med ein regional plan og tilhøvet til plan- og bygningslova. Det bør og peikast på moglegheita for å utarbeide dette som ein interkommunal plan.

Om vassforskrifta og revidert drikkevassforskrift

Drikkevatn er i vassforskrifta omtalt i §17 og i vedlegg IV om beskytta område. I § 17 er det presisert at alle vassførekomstar over ein viss storleik og også dei som er tenkt brukt som drikkevatn i framtida skal registrerast. I framlegg til revidert drikkevassforskrift står det i § 13 om *registrering* at også nye vassforsyningssystem skal registrerast. Det bør vurderast nærare om formuleringane i desse to forskriftene harmonerer.

I Vedlegg IV i vassforskrifta er det sett krav om eit register som viser beskytta område. Drikkevasskjeldene og omsynssonene rundt drikkevasskjeldene bør inngå i dei regionale vassforvaltningsplanane. Førebels er ikkje ein slik regional oversikt gjort tilgjengeleg for fylkeskommunen. Det kan og sjå ut til at sektorstyresmaktane ikkje sjølv har ein god nok oversikt pr. i dag.

Departementet skriv følgjande: *godt beskyttede vannkilder medfører redusert behov for behandling av råvannet, og råvannskilden og hele det tilhørende tilsigsområdet bør i utgangspunktet beskyttes mot forurensning. Dette er i samsvar med målene i vannforskriften og vannverkseieren vil kunne nyttiggjøre seg arbeidet som gjøres for å oppfylle kravene i vannforskriften.* Dette er i samsvar med § 17 andre ledd i vassforskrifta.

Vi forslår at sikringssonene /omsynssoner til drikkevasskjeldene vert innarbeidd som ein del av dei regionale vassforvaltningsplanane. Drikkevassforskrifta bør vere utforma slik at krava stilt i vassforskrifta om drikkevatn vert innfridd.

Vi oppmodar Helse og omsorgsdepartementet om å sjå nærmare på om revidert drikkevassforskrift støtter krava som er nedfelt i vassforskrifta. Der det eventuelt ikkje er samsvar mellom revidert drikkevassforskrift og vassforskrifta, bør Helse og omsorgsdepartementet kome til semje med aktuelle departement om kva for lovverk som bør endrast.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Merete Farstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Det Kongelige Helse- og omsorgsdepartementet Postboks 8011 Dep. 0030 OSLO